

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, SV, V fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3

Vestland fylkeskommune har følgjande innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing av flyktningar i kommunane: Det er fleire kommunar som sjølv med lite folketal kan vise til gode erfaringar på busetting og inkludering i lokalmiljøet. Ein bør derfor ikkje utelukke kommunar ut frå folketal. Gjennom at fylkeskommunane frå 2022 er sikra plass i "Nasjonalt utvalg for bosetting av flykninger og etablering og nedlegging av omsorgssentra" vil dei fylkeskommunale erfaringane og synspunkta bli løfta inn i dei nasjonale drøftingane rundt nasjonale kriterier og beho v for busetjingsplassar.»

### Avrøysting

Innstillinga punkt 1, 2 og 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget mot ingen røyster for innstillinga punkt 3.

Innstillinga punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 6 røyster (FRP, H, FNB).

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek orientering om busetjing av flyktningar i Vestland i 2020 til vitande.

2. Vestland fylkeskommune vil i det vidare busetjingsarbeidet nytte det handlingsrommet som ligg i å tolke og tilpasse dei nasjonale kriteria til situasjonen i Vestland, og sjå busetjing i samanheng med:

- Nærleik til dei tilboda fylkeskommunen sjølv har hand om innan opplæring/utdanning, og relevante samarbeidstiltak mellom fylkeskommunen og kommunane.
- Eit variert, aktivt og inkluderande næringsliv.
- Interesse for og ønskje om lokalt samarbeid mellom ulike samfunnssektorar og nivå for å målrette opplæring og sikre tilgang til varig arbeid.
- Tilgang til høveleg husvære og nærleik til tenestetilbod som barnehage, skule, butikk, kollektivtilbod, m.m.
- Eit variert kultur- og idrettsliv og frivilligheit med evne og vilje til å ta imot nye medlemmer/deltakarar, og som kan bidra til integrering i lokalsamfunnet.

3. Vestland fylkeskommune har følgjande innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing av flyktningar i kommunane: Det er fleire kommunar som sjølv med lite folketal kan vise til gode erfaringar på busetting og inkludering i lokalmiljøet. Ein bør derfor ikkje utelukke kommunar ut frå folketal. Gjennom at fylkeskommunane frå 2022 er sikra plass i "Nasjonalt utvalg for bosetting av flykninger og etablering og nedlegging av omsorgssentra" vil dei fylkeskommunale erfaringane og synspunkta bli løfta inn i dei nasjonale drøftingane rundt nasjonale kriterier og behov for busetjingsplassar.

4. Vestland fylkeskommune vil arbeide for at fylkeskommunen på sikt får ansvaret for å avgjere fordelinga av busetjing av flyktningar til kommunane i Vestland fylke.

5. Fylkestinget ber om årleg oppdatering frå arbeidet med busetjing i Vestland.